

Naboar, grunneigarar
Berørte interessar
Offentlege instansar

Oppstart av arbeid med detaljregulering for Epleblomsten AS, Gnr/bnr 154/1, 28 på Akkerhaugen, Midt-Telemark kommune

Med heimel i plan og bygningsloven §12-8 varslast det om at Sør Arkitekter AS, Søndergaard Rickfelt AS på vegne av Epleblomsten AS, startar arbeid med detaljregulering for Sauheradvegen 716, Akkerhaugen. Planen har fått PLANID 202114.

Avgrensing av planområdet og lokalisering er vist på kartutsnitt under.



Kartutsnitt som viser foreslått plangrense (markert med svart stipla linje), og innfelt kart som viser kvar planområdet ligg i forhold til Akkerhaugen sentrum (planområdet markert med raud ring.)

Formålet med planen er å legge til rette for etablering av tilstrekkeleg lagerkapasitet i tilknytning til produksjonslokala til Epleblomsten AS. Det blir regulert til kombinert formål landbruk/næring, og planen vil vera i tråd med eksisterande tilkomst og avstand til fylkesveg.

Eksisterende reguleringsplan

Området er ikkje tidlegare regulert.

Gjeldande kommuneplan

Området ligg inne i kommuneplanens arealdel som LNF-formål og bustadformål. Atkomst på Sauheradvegen ligg under formål offentlig eller privat tjenesteyting, då dette også er tilkomst til Sauherad kyrkje. Planen vil derfor vera i strid med overordna plan.

Området er ikkje omfatta av hensynssoner. I nærområdet ligg Sauherad kyrkje, som er freda og omfatta av hensynssone kulturminne. Nord og vest for kyrkja er ei hensynssone merka kulturlandskap.

I kommuneplanens arealdel er det ikkje fastsett særleg byggegrense mot veg, generell grense på 50 meter gjeld derfor mot fv360. Ein ønsker ved regulering å oppretthalde dagens situasjon, med byggegrense til hall på 14 meter frå fv 360 og ein meter frå nabo Sauarberga 9. Gjennom førebuing til byggesøknad, er det innhenta erklæring om byggeavstand til nabogrense frå gnr. 154/23 og 45. Vestfold og Telemark fylkeskommune har vidare gitt dispensasjon frå generell byggegrense til fylkesveg, datert den 06.11.2020.

Aktuelle utgreiingstema

Oppstartsmøte er gjennomført og referat ligg ved varselbrevet til offentlege instansar.

Det skal gjennomførast vurderingar og undersøkingar i tråd med punkt i oppstartsmøtet: Landskap, fjern- og nærverknad, tilhøvet til overordna plan, estetikk (vurdering av høgder, utnytting, form/farge og materialval), formålsending, naturmangfald, tilhøvet til kulturlandskap og kulturminne, områdestabilitet, handtering av overvatn, trafikk og støy.

Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) blir lagt ved planomtalen.

Konsekvensutgreiing (KU)

Planen er vurdert i samsvar med Forskrift om konsekvensutredningar, og det er konkludert med at prosjektet ikkje vil få vesentlege virkningar for miljø og samfunn, og at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing eller planprogram etter forskriften.

Frist for innspel

Eventuelle opplysningar, merknader og innspel som kan vera viktige for planarbeidet, kan sendast til Sønnergaard Rickfelt AS, O.H. Holtasgate 29A, 3678 Notodden, eller på epost til post@sorarkitekter.no. Spørsmål kan rettas til same adresse eller telefon 35 02 95 00.

Kopi til Midt-Telemark kommune, Postboks 83, 3833 Bø eller post@mt.kommune.no.

Innspel må vera mottatt innan måndag 01. mars 2021.

Oppstart av planarbeidet blir også varsla på heimesidene til Midt-Telemark Kommune; <https://midt-telemark.kommune.no/kunngjoringer/>

Vidare saksgang

Det blir ikkje svart på innsendte merknader og innspel med brev, men dei vil bli kommentert i planomtalen, og følgjer saka til politisk handsaming i kommunen. Det kan gå noko tid frå varsling av oppstart til planforslaget er klart til handsaming.

Med venleg helsing

Ingrid Kvissel
Arealplanleggar

Vedlegg til eksterne offentlege instansar:

SOSI-fil av planavgrensing
Referat frå oppstartsmøte.

Varslingsliste:

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark, Vestfold og Telemark fylkeskommune, regionaletaten, Statens vegvesen, Region sør, Midt-Telemark Energi AS, Representant for barn og unge, Miljøhygienisk avdeling, NVE Region sør, Råd for funksjonshemma, Eldrerådet, Midt-Telemark brann- og redningstjeneste, Midt-Telemark Næringsutvikling, Naturvernforbundet i Midt-Telemark, Telenor servicesenter for nettutbygging, Skagerak Nett AS, Agder og Telemark bispedømme, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, Mattilsynet avd. Telemark, Oplysningsvesenets Fond

Naboar ihht. liste.